

Referat frå møte i LAMU ved Institutt for informatikk torsdag 10. april 2014, kl. 14.00, Adm-møterommet

Til stades:

Frå arbeidstakar:

- Øystein Christiansen (leiande verneombod)
- Kristin Bråthen (verneombod for adm.og drift)
- Viktoria Stray Gulliksen (verneombod for midlertidig tilsette)
- Olav Kyrvestad (verneombod for lab.-tilsette)

Frå arbeidsgjevar:

- Narve Trædal (kontorsjef, HMS-koordinator)
- Terje Knudsen (seksjonsleiar IT-seksjonen)
- Mari Helen Varøy (brannvernansvarleg)
- Cecilie Mellingsæter Sundet (kontorsjef SFE)

Observatør:

- Marte Hersvik Frøyen (studentrepresentant)
-

Til stades på møtet med Egedomsavdelinga (EA) (i forkant av det formelle LAMU-møtet):

Driftsleiar Jan Hovde (frå EA, avd. Teknisk- Gaustad)

Avdelingsleiar Ole Henrik Alstad (frå EA, avd. Teknisk Gaustad)

Møte med Teknisk Gaustad om saker av felles interesse

- Innføring av fellesmøte mellom leiinga ved Ifi, reinhald og Teknisk Gaustad
- Orientering om stoda når det gjeld innregulering av varme og ventilasjon
- Saker nemnde i referatet frå møte 8. oktober 2013 (vedlagt)

Følgjande blei referatført frå dette møtet:

- *Temperatur-regulering:*

Leiande verneombod tok opp det uheldbare i at den gjenståande innreguleringa av romtemperaturane som var lova i oktober, ikkje hadde skjedd. I og med at innregulering berre kan skje når det er kaldt i lufta ute, så betyr det at prosessen no må vente til hausten,

dvs ei forseinking på minimum eitt år. Det er framleis slik at enkelt frys på kontora sine. Heldigvis har vinteren vore mild.

Frå andre blei det meldt om at det framleis blir observerte kalde radiatorar, midt på vinteren.

Teknisk-Gaustad beklaga dette. Dei gjorde merksam på at det har foregått ei grov-innregulering, der ein del feil blei oppdaga, men det står mykje att. Dette er reklamasjonssaker mellom Statsbygg og underleverandørar, og ligg i køen der. Dei lovde at dei skulle presse på saka overfor EA og Statsbygg.

- *Parkering:*

HMS-koordinator opplyste om at parkerings-spørsmål normalt ikkje høyrer heime i LAMU-samanheng, men bør takast opp i eigne møte mellom instituttleiinga og EA.

- Det er ikkje anlagt fleire e-parkeringsplassar i kjellaren løpet siste halvår. Dei som er, passar ikkje til det aukande antallet av større e-bilar (eks.: Tezla). Kai Atle Rosenlund og Terje Knudsen skal sjå vidare på problematikken.
- Statsbygg skal no redusere antallet parkeringsplassar som er øyremarka for dei i kjellaren.
- Viktoria Stray Gulliksen tok opp det høge antallet SINTEF-parkeringsplassar , der mange står ledige til ei kvar tid, og lurte på det er mogeleg å få justert ned talet som er forbeholdt SINTEF-tilsette.
- Terje Knudsen tok opp problemet med høg fart i parkeringskjellaren. Han ba EA vurdere om det går an å kjøpe og legge ut hard-plast-dumpar for å redusere farten. Ole Henrik Alstad frå EA sa at dei ville vurdere både dette og andre tiltak.
- *Kantine-bestikk og service som ikkje blir bringa attende til kantina:*

Noko meningsutveksling. Ser ut til å vere ei betring i bruken av eingongsbestikk. Kantina bør oppmodast om å ta innsamlingsrundar, særleg i etasje 1-3.

Referat frå det ordinære LAMU-møtet:

Til stades: Alle som er nemnde innleiingsvis i referatet, med unntak av repr.frå EA.

14/00 Ref. frå møte 8.oktober 2013

- Saksdokument:
 - o Referat før møte 8.oktober 2013
Dei aktuelle sakene blei drøfta under fellesmøtet med EA, sjå ovanfor.

14/01 Rapportar frå vernerundar november 2013

- Saksdokument:
 - o Rapport frå vernerunde på laboratoria
 - Kommentar frå LAMU:
 - *Hovudsatsingsområdet i 2013 var kjemikalie-behandlinga på laboratoria. Vernerunden konkluderte med at situasjonen her var tilfredsstillande.*
 - o Rapport frå vernerunde i resten av bygningen
 - Kommentar frå LAMU:
 - *LAMU tek til etterretning at situasjonen i hovudsak er tilfredsstillande, med unntak av bruk av elektiske kjøkkenapparat, sjå nedanfor under pkt. 14/04.*

14/02 Om internrevisjonen frå fakultetets HMS-ansvarlege desember 2013

- Saksdokument
 - o Notat frå HMS-koordinator
 - o Avviksrapporten frå fakultetet, inkludert instituttets svar
 - Kommentar frå LAMU:
 - *LAMU tek til rapporten til etterretning*

14/03 Nytt LAMU ved Ifi

- Saksdokument
 - o Notat frå Notat frå HMS-koordinator ang.størrelsen på LAMU
 - o <http://www.uio.no/om/hms/arbeidsmiljo/arshjul/valg-av-medlemer-til-LAMU.html>

LAMU har ingen innvendingar mot å redusere antallet til tre repr frå kvar side fom valet H-2014, slik det er gjort framlegg om i notatet frå HMS-koordinator. Evt.observatørar (repr frå studentane er fast møtande observatør)kjem i tillegg.

 - o *Viktig at alle grupper blir inkludert i valet, slik at alle midlertidig tilsette blir inkludert i valet på repr. frå vitenskapleg personale. Det same må gjelde tekn-adm-personale.*

- *Etter valet H-14 skal LAMU leiast av ein representant frå ARBEIDSTAKAR-SIDA, i tråd med reglementets krav om at leiinga som gå på omgang mellom dei to sidene.*
- *Kontorsjef blir pålagt i god tid å oppnemne valkomite og organisere valet i tråd med lov og reglement.*

14/04 Hovud-fokus-område for LAMU-arbeidet i 2014

- Saksdokument
 - Notat frå HMS-koordinator
LAMU vedtek at hovudfokus-området for LAMU-arbeidet i 2014 skal vere FELLESKJØKKENA i bygningen. Det gjeld først og fremst forsvarleg bruk av lause kjøkkenmaskiner (både type og sikring med tidsbrytarar), men og reinhald, sjå under orienteringar nedanfor.

14/05 Orienteringar

- **Skjema for innmelding av uønska hending på ROBIN-gruppa**
 - *LAMU tek orienteringa til etterretning, men meiner ikkje det er naudsynt med tekniske åtgjerder.*
- **Rapport om observasjon av innsekt i brød-skuffen i kjøkkenområdet i ROBIN-gruppa**
 - *Kjøkken-reinhald blir teke opp som fokusområde i 2014. Sjå pkt 14/04.*

14/05 Eventuelt

- LAMU ber om at instituttleiinga vurderer å ha eit HMS-punkt som fast punkt på gruppeleiar møta ved Ifi.

09.05.2014

Narve Trædal
kontorsjef